



TILTAKSKORT FOR BARNEHAGE/ SFO / SKULE VED KIKHOSTE	
Om kikhoste	Kikhoste er ein bakteriesjukdom. Bakterien heiter Bordetella pertussis. Ved antibiotikabehandling vert ein smittefri etter 5 dagar. Utan behandling er smittsam periode over etter 3 veker. Uvaksinerte er meir utsette for smitte enn andre. Spedbarn er utsette for smitte frå fødsel.
Kan barnet få sjukdomen fleire gonger?	Nei.
Smittemåte	Kikhoste spreier seg via dråper under hoste- og nyseanfalle. Det tek 7-10 dagar frå ein vert smitta til sjukdomen bryt ut.
Symptom og teikn til smitte	Fyrst kjem 1-2 veker med forkjølingssymptom som hoste, snue og feber. Så kjem anfallsstadiet med kraftig hoste («kiking»), gjerne til ein bryt seg. Denne fasen kan vare frå veker til månader. Kikhoste kan vere farleg for born under 2 år. Større born og vaksne får vanlegvis lettare plager. Kikhostevaksine har over 85 % effekt. Sjukdomen vert vanlegvis mild hos dei som likevel vert smitta. Effekten av vaksina avtek med tida; ho varer i ca 10 år. Born får tilbod om vaksine ved 3, 5 og 12 månaders alder, i 2. klasse og 10. klasse.
Tiltak ved utbrot av	Antibiotika (erythromycin) reduserer sjukdomen sin intensitet og varigheit, men har ein vore sjuk i over tre veker har behandling lita meining. Viktige tiltak ved utbrot er å hindre at born under 2 år vert sjuke. Difor freistar ein å redusere spreieing av kikhoste. Alle med symptom på kikhoste lyt kontakte lege for testing og evt behandling. Vanlege råd om handhygiene og hostehygiene gjeld sjølvsagt framleis.
Informasjon frå: https://fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/ https://helsenorge.no/sykdom/infeksjon-og-betennelse/kikhoste	HELFO dekkjer utgifter til legehjelp og medisin etter paragrafen om smittsam sjukdom. Trenng du meir informasjon ta kontakt med helsesjukepleiar eller legekantoret